



INFORMASJONSSKRIV

FRÅ LANDBRUKSKONTORET ØRSTA VOLDA

Nr. 2/2020

Årgang 29

Postadresse: Ørsta kommune, Landbrukskontoret Ørsta Volda, Dalevegen 6, 6153 Ørsta
Besøksadresse: 3. etg i den "gamle" delen av Rådhuset
e-postadresse: postmottak@orsta.kommune.no




Info-skrivet vert sendt til e-post til alle som til ei kvar tid er registrert som søkerar av produksjonstilskot, aktive skogbrukarar, og fleire andre som er knytt til næringa. Dei vi ikkje har e-postadressa til får skrivet pr. post. Send oss e-postadressa di så får du skrivet på e-post neste gong (og vi sparar porto)!

Skrivet ligg og på heimesidene til kommunane Ørsta og Volda.

Innhald:	Side
Produksjonstilskot – del 2	1
Hjelp med søknadane	2
Bruk gardskarta	2
Kjem landbruksplast på avvege hjå meg	2
Innmarksbeite - definisjon	3
Regionalt miljøtilskot (RMP)	3
Investeringsmidlar i Innovasjon Norge	4
Foryngingsplikt	4

grunnlag for avløysing og tilskot på slakteproduksjonen.



Produksjonstilskot del 2 Hugs søknadsfristen 15. oktober

Søknadsfristen for del 2 er 15. oktober, med teljedato 1. oktober (det vert opna for å søkje den dagen). Ein kan levere inntil 14 dagar seinare, men då med eit trekk på kr 1.000 pr. dag over fristen!.

Føretak som leverer søknaden innan fristen, kan gå inn seinare og endre opplysninger i søknaden fram t.o.m 29. oktober.

I søknad del 2 kan du søkje om tilskot for:

- Tilskot til avløysing ved ferie og fritid
- Husdyrtilskot
- Tilskot til økologisk areal og husdyr
- Tilskot for bevaringsverdige husdyrrasar
- Areal- og kulturlandskapstilskot
- Tilskot til dyr på beite
- Tilskot til dyr på utmarksbeite

Dyreteljing:

Ver nøyaktig med teljinga av dyra. Ein bør ikkje berre bruke husdyrlistene.

For slakteproduksjon på svin er det viktig at du set kryss for at opplysingar kan hentast frå slakteria sine rapportar, elles får ein ikkje

Avløysartilskot:

Det kan søkjast om refusjon for utgiftene ein har hatt i 2020. Om ein ikkje har brukt opp heile refusjonsbeløpet til 15.oktober, kan ein etter-registrere meir i søknaden fram til 10. januar. Det same gjeld beitedyr som vert sankta frå utmarksbeite etter 15. oktober.

Godkjent dokumentasjon for utgifter til avløysing er til dømes:

- Årsoppgåve frå avløysarlaget
- A-melding frå Altinn
- Bankbilag og faktura

Døme på godkjent arbeidshjelp som kan søkjast refusjon for:

- Stell av dyr
- Saueklipping
- Klauvskjering
- Gjerdehald
- Dyrking
- Grøfting
- Snekkerarbeid
- Rundballepressing (arbeidet, men ikkje maskinkostnaden)

Døme på utgifter til arbeidshjelp som ikkje kan godkjennast:

- Dyrlege
- Drektighetskontroll
- Rekneskapsførar
- Utgifter til elektrikar
- Bilmekanikar

Hjelp til søkeradane – produksjonstilskot og RMP

Dersom det er behov for hjelp med søkeradane som skal inn no til 15. oktober så ta kontakt. Vi kan bistå med datamaskiner, teknisk hjelp og rettleiing.

Det er restriksjonar grunna smittevern, men vi kan ta imot dykk i eit eige møterom som er tiltenkt slike besøk.

Ring og ting tid og vent ikkje til siste dagen!

På Smia kan Jan Endre ta imot besøk torsdagar og fredagar.

I Ørsta har vi sett av tid i møteromet dei fleste dagane fram til fristen.

Kontaktinformasjon for oss tilsette finn du nedst i dette skrivet. Åshild, Dorota og Jan Endre hjelper deg med produksjonstilskotsøknaden. Børild og Jan Endre hjelper deg med RMP.

Bruk gardskarta!

Vi minnar igjen om at det er viktig å sjå over gardskarta for eigd og leigd jord. Vi er redd ein del får seg ei overrasking ved utfyllinga av søkerad om produksjonstilskot. NIBIO har utført eit større vedlikehald av karta som gjer at mykje areal har skifta klassifisering. T.d. har mykje innmarksbeite endra status til skog.

Gjer det til ei vane å bruke gardskarta ved utfylling av søkeradar om tilskot.

I karta finn du arealtal for dyrka jord og beita som eigedomane har, og du kan sjå over inntekningane om dei er rette.

Fyll ikkje ukritisk inn tala i søkeraden. Det er berre areal som vert brukt, dvs hausta ved slått eller beiting som skal vere med.

Areal som berre vert beitepussa, ligg brakk, mv, har ikkje rett på tilskot. Dei skal i tilfelle førast på andre kodar som t.d. «ute av drift», eller ikkje i det heile.

Du finn meir om dette i rettleiinga, eller ta kontakt med oss, så rettleier vi deg.

Gjer vel og meld ifrå dersom du finn feil i gardskarta. Her er ei lenke til gardskart: <https://gardskart.nibio.no/search>

Kjem landbruksplast på avvege hjå meg?

Jordbruksnæringa er ein storforbrukar av plast. Sjølv om mange av dykk har gode rutinar for oppsamling, sortering og levering av landbruksplast, ser vi likevel at ein del av plasten kjem på avvege, og vert ei kjelde til ureining. Vi har alle eit ansvar for å handtere vårt eige avfall, og då m.a. å handtere plasten frå rundballar på ein god måte. Det er därleg reklame for næringa når plast flyg ikring, heng seg i tre og kratt, på gjerde, mv

Alle partar tener på at vi er vårt ansvar bevisst. **Vi oppmodar alle om å ta ein sjekk på eigne rutinar, og ta ein runde på garden for å samle inn plast som ligg fritt, før hausstormane kjem.**



Innmarksbeite - definisjon

Vi kjem bort i ein del mistydingar om kva som er tilskotsberettiga innmarksbeite. Her har NIBIO gått ut med tydelege og skjerpa krav.

Generelt er innmarksbeite eit jordbruksareal som kan brukast til beite, men ikkje kan haustast maskinelt. Innmarksbeite skal ha gras og urter med god fôrverdi, og det skal ha eit tydeleg kulturpreg.

Det er ikkje nok at eit areal er innegjerda og at dyra beiter der.

Kulturpreg vil seie at ein finn vegetasjon som er grasrik og at artane mykje er dei same som ein finn i ei eng. NIBO har sett krav til kva vekster som er naturlege i eit innmarksbeite.

Høgt beitetrykk, rydding, god lystilgang og kanskje gjødsling gjer at vegetasjonen endrar seg, den er «kulturpåvirka» av beitedyra. Nemninga *kulturbeite* er treffande. Det er tydeleg skilnad mellom innmarksbeite og utmarksbeite.

Lenke til viktig forklaring frå NIBIO:

<https://nibio.no/tema/jord/arealressurser/arealressurskart-ar5/klassifikasjonssystem-ar5/> /attachment/inline/9fc71dda-10d1-472a-8df3-94877357d3e2:e6849f56f47284418e90f836319801e810725e3b/20180117_Innmarksbeite_enkel%20forklaring_Nibio_nn.pdf

utmarksbeiting. Dersom dyra går på slikt areal i minst 5 veker kan du søkje om tilskot til utmarksbeiting i produksjonstilskotsøknaden.



Utmarksbeiting.

Regionalt miljøtilskot (RMP)

Det vart opna for å søkje 15. september.

Søknadsfristen går ut 15. oktober.

Aktuelle tiltak som kan få tilskot er:

1. Slått av lokalt verdifulle jordbrukslandskap (berre dei med adresse 6196 Norangsfjorden) Sats kr 125/daa
2. Skjøtsel av bratt areal ved slått. Må ha minst 5 daa brattare enn 1:5. Mange kan søkje på denne! Kr 230/daa
3. Skjøtsel av *naturtypen slåttemark* i naturbase. Gjeld nokre få. Kr 1.000/daa
4. Skjøtsel av kystlynghei. Berre Raudøya. Kr 150/sau.
5. Tilrettelagt fuglebiotop for trua artar. Veit om ein biotop som har meldt inn. Kr 2.000/daa
6. Drift av seter med mjølkeproduksjon. Nokre i Ørsta. Kr 50.000/seter
7. Skjøtsel av gravminne (gravhaug) registrert i Askeladden. Kr 1.000/gravminne
8. Vedlikehald av fangdam. Nytt i år. Kr 5.000/dam
9. Spreiing av **all** husdyrgjødsla i vår-/vekstsesong (før 10. august) kr 50/daa
10. Spreiing av husdyrgjødsel med nedleggings- eller nedfellingsutstyr. Kr 30/daa
11. Bruk av slangespreiar – må kombinerast med anten pkt 9. eller 10., kan ikkje søkjast på aleine. Kr 60/daa.


Meir utfyllande info finn du hjå Fylkesmannen:

<https://www.fylkesmannen.no/contentassets/a282b1ed780d4e228a34e5f9baa70bf2/informasjon-om-rmp-2020.pdf>

Alle tiltak skal markerast i kart. Info om korleis du teiknar i kartet finn du her:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/miljø-og-okologisk/regionalt-miljotilskudd/bruk-av-kart>

I år kan ein importere det som vart teikna inn i 2019. Ein slepp å teikne på nytt det som er likt



Biletet viser eit nyrydda areal. Både det opne arealet og areal eit stykke inn mellom bjørkene held krava til innmarksbeite.

Foto: Ragnhild Sperstad



Biletet over viser ei hogstflate som er teke i bruk som beite. Arealet er dominert av smyle. Dette er utmarksbeite og ikkje innmarksbeite.

Foto: Ynge Rekdal

For dei som beitar areal som før sto oppført som innmarksbeite, men no har vorte endra til skog, oppmodar vi at ein søker tilskot til

2019. Svar JA på at du vil importerer frå eit tidlegare år.

Søknadsskjema finn du her:

<https://www.altinn.no/skjemaoversikt/landbruksdirektoratet/soknad-om-regionalt-miljotilskudd/>

Investeringsmidlar i Innovasjon Norge

Vi minner om finansieringsordningane som landbruket har gjennom Innovasjon Norge.

Prioriterte tiltak for tida er:

- a) Grønt, frukt og bær. Denne næringa har potensiale til å vekse, og det er ønskjeleg med ein auka produksjon i Møre og Romsdal.
- b) Mjølkeproduksjon. Dette er fundamentet for landbruket i Møre og Romsdal, og denne produksjonen har også dei største investeringsbehova. Omlegging til lausdrift er ei strategisk satsing for tiår framover, og IN vil legge tilrette for ein framtidig produksjon tilpassa driftsgrunnlaget for den enkelte. I Møre og Romsdal er små og mellomstore mjølkebruk svært viktige.
- c) Storfekkjøt
- d) Gjødsellager/tak over opne kummar. Dette vart løfta fram som viktig i jordbruksavtalen
- e) Sau: Det kan bli løyvd IBU-midlar til naudsynt fornying av driftsapparatet på eksisterande sauebruk. Tiltaket må ikkje gje vesentleg auke i produksjonskapasiteten, utover tilpassingar i storleiken 10 – 15 %.



Kum med tak finansiert gjennom IN.

Foryngingsplikt

Foryngingsplikta er ei plikt skogeigar har til å få opp att ny skog etter hogst. Plikta er heimla i skogbrukslova og berekraftforskrifta. Når ein avverkar skog vert denne plikta utløyst. Dei aller fleste stader vil det kome opp att ny skog, men utan tiltak vil det gjerne bli krattskog utan nemnande verdi. Nettopp derfor er plikta til å få opp att ny skog fastsett i lovverket. Treslaget

som arealet vert forynga med skal ha nokolunde same kvalitet, produksjon og verdi som det som stod der før. Naturleg oppkomen lauvskog etter hogst av planta produksjonsskog vil svært sjeldan oppfylle desse krava. Etter hogst av gran i vårt område er planting normalt einaste alternativ. Foryngingsplikta skal sikre berekraftig forvaltning av skogressursane, kvalitet på skogen og framtidige inntekter for skogeigar. Dette er avgjerande for framtidig verdiskaping frå skogbruket og forvaltninga av ein fornybar ressurs. Gran er å sjå på som eit norsk treslag som kan nyttast i heile landet. Skogeigarane er pliktige til å setje av pengar av tømmeroppgjerset til skogfond, noko som berre kan nyttast til tiltak i skogen, og tiltak for å få opp att ny skog er prioritert.

Frå skoglova: *Dersom skogeigaren ikkje rettar seg etter dette, avgjer kommunen om skogeigaren skal påleggjast å setje i verk tiltak for å sikre at arealet blir forynga. Tiltaket må setjast i verk innan ein frist som maksimalt kan vere på 2 år. Blir ikkje tiltaka utførte innan fristen, skal kommunen sørge for at tiltaka blir utførte for skogeigaren si rekning.*



I vårt område ventar vi normalt to sumrar før vi plantar for å redusere faren for snutebilleskader. Det er fortsatt mange felt som ikkje er tilplanta etter hogst i Ørsta og Volda. Skogansvarleg vil ta kontakt med dei det gjeld i løpet av hausten.

Tilsette ved kontoret :

Liv Bente Viddal	907 04 008 liv-bente.viddal@orsta.kommune.no
Dorota Wozna	907 23 453 dorota.wozna@orsta.kommune.no
Åshild Steinnes	907 04 501 ashild.steinnes@orsta.kommune.no
Jan Endre Nesdal	902 55 815 jan.endre.nesdal@orsta.kommune.no
Børild Skåra	906 99 240 borild.skara@orsta.kommune.no
Peder Magnussen	452 82 680 peder.magnussen@orsta.kommune.no